

Styresak

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato: 18.10.2005
 Sakbehandlar: Terje Arne Krokvik
 Saka gjeld: ØKONOMIRAPPORT PR. 31. AUGUST 2005

Styresak 86/05 B

Styremøte 27.10. 2005

Bakgrunn

Månadsrapporten er laga med utgangspunkt i helseføretaka si tilbakerapportering til Helse Vest RHF pr. 31. august.

I førre møte under sak 74/05 B vart revidert budsjett 2005 og oppdatert resultatkrav 2005 fastsett. Det er berre Helse Bergen og Helse Vest RHF som har nådd å legge inn revidert budsjett i rapporteringa pr. august. For å få rapporteringa i samsvar med det vedtaket som vart gjort under sak 74/05 B er det i denne rapporten gjort ei justering av årsbudsjettet og prognose på resultat for Helse Fonna og Helse Førde. Helse Stavanger har innarbeida effektane av revidert nasjonalbudsjett i sin rekneskap og prognose, men ikkje i budsjettet. Det er derfor i denne rapporten gjort ein korleksjon på årsbudsjettet slik at det samsvarar med oppdatert resultatkrav. Dette inneber at budsjettavviket på årsresultatet blir kr 8,3 mill dårlegare enn det Helse Stavanger har meldt inn. Helse Vest har sendt brev til alle HF'a der ein ber om at revidert budsjett blir lagt inn i rapporteringa pr. september.

Helse Vest IKT har ved rapporteringa pr. august ikkje klargjort periodisert budsjett. Dette er no på plass og Helse Vest IKT vil inngå i rapporteringa pr september. Rapporten pr september viser eit resultat som er pluss kr 1,4 mill og eit budsjettavvik som er positivt med kr 0,9 mill.

1. RESULTAT FOR KONSERNET

Økonomirapportering pr. AUGUST 2005

Helse Vest (føretaksgruppa)

Resultat i heile tusen	AKKUMULERT AUGUST						
	Faktisk resultat A	Budsjett B	Avvik mot budsjett A-B	Meir avskrivningar C	Resultat korr. for meiravskr. D=A+C	Resultat i fjor E	Avvik mot i fjor D-E
Helse Stavanger HF	-30,5	-18,8	-11,7	49,3	18,8	-76,6	95,4
Helse Fonna HF	-63,4	-31,6	-31,7	49,3	-14,0	-43,6	29,6
Helse Bergen HF	-175,5	-159,2	-16,3	106,0	-69,5	-182,5	113,0
Helse Førde HF	-60,1	-20,0	-40,1	45,3	-14,8	-12,0	-2,8
Apoteka Vest HF	1,3	0,4	0,9		1,3	3,5	-2,2
Kjøp av helsetenester	42,3	55,4	-13,1		42,3	31,8	10,5
Helse Vest RHF	-29,6	-42,6	12,9		-29,6	-23,9	-5,7
Sum føretaksgruppa	-315,5	-216,4	-99,1	250,0	-65,5	-303,3	237,8

Det samla resultatet for føretaksgruppa viser pr. august eit underskot på kr 65,5 mill korrigert for meiravskringingar. Målt mot budsjett har føretaksgruppa eit negativt avvik på kr 99,1 mill. Dei største negative avvika finn vi i Helse Førde (kr 40,1 mill) og Helse Fonna (kr 31,7 mill). Deretter følgjer Helse Bergen med eit negativt avvik på kr 16,3 mill og Helse Stavanger med kr 11,7 mill. Helse Stavanger har inntektsført ISF oppgjer frå 2004 med kr 8,3 mill (jfr. revidert budsjett 2005) utan å gjere tilsvarende endring av budsjettet. Dette inneberer at resultatet i realiteten har eit negativt budsjettavvik på kr 20 mill og ikkje kr 11,7 som dei rapporterer pr. august. Apoteka Vest har eit positivt budsjettavvik på kr 0,9 mill mens Helse Vest kjøp av helsetenester og Helse Vest RHF har eit samla avvik på minus 0,2 mill.

PROGNOSE HEILE ÅRET

Helse Vest (føretaksgruppa)

Resultat i heile tusen	Året totalt				
	Prognose 2005	Budsjett 2005	Rekneskap 2004	Avvik budsjett	Avvik i fjor
Helse Stavanger HF	-88,3	-65,7	-194,3	-22,6	106,0
Helse Fonna HF	-65,7	-62,6	-98,8	-3,1	33,1
Helse Bergen HF	-302,3	-302,3	-495,3	0,0	193,0
Helse Førde HF	-103,5	-81,6	-109,8	-21,9	6,2
Apoteka Vest HF	-3,0	0	-2,3	-3,0	-0,7
Kjøp av helsetenester	82,5	82,5	58,0	0,0	24,5
Helse Vest RHF	-65,1	-65,1	-42,2	0,0	-22,9
Sum føretaksgruppa	-545,5	-494,9	-884,7	-50,6	339,2
Meiravskringingar	446,0	446,0	354		92,0
Resultat justert for meiravskr.	-99,5	-48,9	-530,7	-50,6	431,2

Prognose

Helse Stavanger melder for første gong i år om ein årsprognose på resultat som viser eit negativt avvik. Helse Stavanger har innarbeida tildelingane i revidert budsjett i sitt rekneskap/årsprognose utan å gjere justering for oppdatert resultatkrav i sitt budsjett. Dette inneber at føretaket i rapporteringa til Helse Vest viser eit budsjettavvik for året som er kr 14,3 mill dårlegare enn budsjett. Helse Vest har i denne rapporteringa gjort justering for nytt resultatkrav og dette inneberer at budsjettavviket for året blir kr 22,6 mill dårlegare enn budsjett.

Helse Fonna rapporterer eit budsjettavvik for året som er kr 3,1 mill dårlegare enn budsjett. I dette avviket føreset Helse Fonna eit positivt avvik på inntektene med kr 5,5 mill medan kostnadene er forventa å bli kr 8,7 mill høgare enn budsjett.

Helse Bergen rapporterte i førre månad ein årsprognose på resultat som viste eit negativt avvik mot budsjett på kr 35 mill medan prognosen pr august viser eit resultat som er lik budsjett. I førre rapportering hadde Helse Bergen korrigert resultatet for endra rekneskapsføring av ombyggingsprosjekt, framskunding av tiltak i psykiatrien samt meirkostnader for pasientar ved Valen sjukehus. Helse Bergen har no gjort ei vurdering på avsetning til opptente overlegepermisjonar og med basis i den erfaring ein har på uttak av desse permisjonane er årsprognosen på resultat forbetra med kr 35 mill i forhold til førre rapportering. Helse Bergen har lagt inn tildelingane i revidert budsjett både i prognosen og budsjett.

Helse Førde rapporterer ein årsprognose på resultat som er kr 21,9 mill dårlegare enn budsjett. Dette er ei forverring i forhold til førre rapportering på kr 13,8 mill. Årsaka til dette ligg i lågare ISF inntekt, høgare lønskostnad og andre driftskostnader. Sjå punkt 2.5.1 for fleire detaljar.

Apoteka Vest legg no fram ein prognose for resultat som viser eit avvik på kr 3 mill. Dette er ei forbetring i forhold til førre rapportering på kr 3 mill. Justeringa er gjort med basis i eit oppdatert anslag på kostnadene for året med basis i utviklinga pr. august.

2.2 Helse Stavanger HF

2.2.1 Resultat

Samandragsrapport pr.:

AUGUST 2005

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	170 094	8,8 %	155 575	8,2 %	149 253	8,7 %	242 327	233 556	8 771
ISF	665 613	34,5 %	651 373	34,4 %	393 914	22,9 %	1 013 233	1 005 505	7 728
Rammetilskot	1 031 493	53,5 %	1 033 220	54,6 %	1 122 363	65,2 %	1 572 885	1 556 978	15 907
Andre inntekter	60 315	3,1 %	53 675	2,8 %	54 972	3,2 %	85 412	82 325	3 087
Sum driftsinntekter	1 927 515	100,0 %	1 893 843	100,0 %	1 720 502	100,0 %	2 913 857	2 878 364	35 493
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	232 135	12,0 %	216 149	11,4 %	221 076	12,8 %	355 319	336 330	18 989
Løns- og personalkostnader	1 335 882	69,3 %	1 319 639	69,7 %	1 278 470	74,3 %	2 068 968	2 040 513	28 455
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	338 069	17,5 %	325 100	17,2 %	296 076	17,2 %	489 056	478 596	10 460
Sum driftsutgifter	1 906 086	98,9 %	1 860 888	98,3 %	1 795 622	104,4 %	2 913 343	2 855 439	57 904
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	21 429	1,1 %	32 955	1,7 %	-75 120	0	514	22 925	-22 411
Netto finans	-2 586		-2 400		-1 444		-3 814	-3 600	-214
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	18 843		30 555		-76 564	0	-3 300	19 325	-22 625
- Meiravskrivning	49 333		49 333		49 333		85 000	85 000	0
Resultat	-30 490	0	-18 778	0	-125 897	0	-88 300	-65 675	-22 625

Helse Stavanger har pr. august eit budsjettavvik på resultat som er minus kr 11,7 mill. Inntektssida viser eit positivt avvik på kr 33,7 mill (1,8 %) medan kostnadssida viser eit negativt budsjettavvik på kr 45,2 mill (2,4 %). ISF inntektene viser eit positivt avvik pr. august på kr 14,2 mill. DRG produksjonen ligg 0,7 % under planen, men på grunn av høgare ISF pris for 2005 samt inntektsføring av ISF oppgjeret for 2004 har Helse Stavanger eit positivt avvik på inntekta. I revidert nasjonalbudsjett har Helse Stavanger fått tildelt kr 8,3 mill som følge av ISF oppgjeret for 2004. I samband med fordelinga av ISF oppgjeret frå 2004 blei det stilt krav om skjerpa resultat med tilsvarende beløp for 2005. Helse Stavanger har lagt inn effektane av revidert nasjonalbudsjett i rekneskapet og prognosen, men ikkje i budsjettet. Dette inneber at Helse Stavanger viser eit for godt budsjettavvik pr. august. Aktiviteten innan poliklinikk er høgare enn planlagt og dette viser igjen på inntektssida. Deler av det positive avviket på polikliniske inntekter skuldast at det i budsjettet er føresett ein takstreduksjon frå 1/5-05 medan takstane er redusert med verknad frå 1/9-05. Dette gir ein forskyving i budsjettavviket mellom polikliniske inntekter og basisramma. Når avviket på basisramma er mindre skuldast dette at det er inntektsført tilskot til dyrare legemiddel og tilskot knytt til ekstra kostnader i samband med tsunami-katastrofen i januar.

Det samla budsjettavviket på driftskostnadene viser pr. august eit overforbruk på kr 45,2 mill, medan august månad isolert sett viser eit positivt avvik på kr 2,1 mill. Det er eit overforbruk på varekostnad med kr 16 mill (7,4%). Deler av avviket skuldast budsjetterte innsparingar som ein ikkje har klart å innfri. I tillegg er det negative avvik på behandlingshjelpemidlar, kirurgisk ortopedisk klinikk, medikament og medisinsk forbruksmateriell. Personalkostnadene viser pr. august eit negativt avvik på kr 16,2 mill (1,2%). I dette avviket ligg det eit positivt avvik på fast løn med kr 8 mill samt eit positivt avvik på annan lønskostnad med kr 4,1 mill. Innan gruppa overtid og ekstra hjelp er det eit negativt avvik på kr 28,4 mill. Noko av dette avviket må sjåast i samanheng med det positive avviket på fastløn då refusjon av sjukepengar blir ført under fast løn. Det er likevel ei betydelig utfordring knytt til avviket på overtid og ekstrahjelp. Andre driftskostnader viser pr. august eit negativt avvik med kr 13 mill (4%). I dette avviket ligg det kr 8,1 mill som er knytt til auka avskrivningar.

2.2.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Rekneskap -05	Hittil i år Plan -05	Avvik	2004	Prognose	Heile året Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	27 497	28 310	-813	113 808	43 315	43 315	0
Dagkirurgi/dagbeh.	18 130	18 560	-430	17 255	28 906	28 906	0
DRG-poeng	35 533	35 801	-268	33 604	54 822	54 822	0
Pol. konsultasjonar	119 749	116 951	2 798	113 808	185 476	180 000	5 476
Psykiatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	62 237	71 060	-8 823	69 104	106 590	106 590	0
Opphaldsdagar, dagpasientar	10 114	13 600	-3 486	18 550	20 400	20 400	0
Pol. konsultasjonar	45 267	39 697	5 570	33 776	59 545	59 545	0

Helse Stavanger har pr. august ein DRG produksjon som er 268 poeng lågare enn planen. Dette er likevel ein vekst på 5,7 % samanlikna mot fjoråret, og Helse Stavanger forventar å nå det samla produksjonsmålet for 2005. Polikliniske konsultasjonar ligg 2,4 % over planen og 5,2 % over 2004-nivået. Når det gjeld psykiatri er det ein lågare produksjon på opphaldsdøgn og dagbehandlingar medan polikliniske konsultasjonar viser ein vekst på 14 % i forhold til plan og heile 34 % i forhold til i fjor. All vekst i forhold til opptrappingsplan er lagt på poliklinikk då det er ei dreining mot poliklinisk behandling.

2.3 Helse Fonna HF

2.3.1 Resultat

Samandragrapport pr.:

AUGUST 2005

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	72 092	6,9 %	70 705	6,7 %	68 311	6,9 %	114 000	112 133	1 867
ISF	332 860	31,7 %	342 404	32,4 %	208 927	21,1 %	529 507	527 398	2 109
Rammetilskot	610 647	58,2 %	610 635	57,8 %	681 173	68,7 %	935 837	935 504	333
Andre inntekter	33 645	3,2 %	32 360	3,1 %	33 763	3,4 %	50 675	49 400	1 275
Sum driftsinntekter	1 049 244	100,0 %	1 056 104	100,0 %	992 174	100,0 %	1 630 019	1 624 435	5 584
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	110 017	10,5 %	102 376	9,7 %	104 445	10,5 %	163 685	157 594	6 091
Løns- og personalkostnader	767 748	73,2 %	746 381	70,7 %	745 246	75,1 %	1 161 794	1 153 429	8 365
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	184 930	17,6 %	189 058	17,9 %	186 629	18,8 %	295 251	301 051	-5 800
Sum driftsutgifter	1 062 695	101,3 %	1 037 815	98,3 %	1 036 320	104,4 %	1 620 730	1 612 074	8 656
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-13 451	-1,3 %	18 289	1,7 %	-44 146	-4,4 %	9 289	12 361	-3 072
Netto finans	-571		-600		603		-1 000	-1 000	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-14 022		17 689		-43 543	0	8 289	11 361	-3 072
- Meiravskrivning	49 336		49 336		49 336		74 000	74 000	0
Resultat	-63 358	0	-31 647	0	-92 879	0	-65 711	-62 639	-3 072

Helse Fonna har pr. 31 august eit negativt resultatavvik på kr 31,7 mill. På inntektssida er der eit negativt avvik på kr 6,9 mill (0,6 %) medan kostnadssida viser eit negativt avvik på kr 24,9 mill (2,4 %).

Dei polikliniske inntektene viser eit positivt avvik på kr 1,4 mill. Dette skuldast ein høgare aktivitet på lab og røntgen. ISF inntektene viser eit negativt avvik på kr 9,5 mill og dette skuldast både nedgang i volum og DRG koding. Talet på sjukehusopphald ligg 0,4 % under plan medan produksjonen innan dagkirurgi/dagbehandling er lik budsjett. Talet på DRG poeng ligg 4 % under planen slik at Helse Fonna har vanskar med å nå ei kodeforbetring for 2005 som er føresett til 2 %. Helse Fonna har no gått grundig igjennom kodinga for å sikra at utført ISF aktivitet vert rett koda og inntektsført innan fristen den 20/9.

Utviklinga pr august er svært uheldig. Særleg med tanke på at ein for dei komande månadene har planlagt høg aktivitet. Utfordringa for Helse Fonna blir derfor å sikre at denne aktiviteten blir realisert.

I august månad har Helse Fonna forverra budsjettavviket på kostnadssida med kr 6,2 mill.

Varekostnadene har forverra seg med kr 1 mill og har no eit negativt budsjettavvik på kr 7,6 mill. Det er framleis medisinske forbruksvarer som står for det største avviket. Ved budsjettering av varekostnadene blei det føresett at fleire avtaler skulle reforhandlast og gi effekt i 2005. Dette har så langt ikkje vist resultat og berekningar viser no at det heller ikkje er mogleg å oppnå desse innsparingsmåla i 2005. Det er satt i gang eit arbeid med å vurdere varelager for å sikre at innkjøpsnivået blir gjort i takt med aktivitet.

Løns- og personalkostnader har i august månad eit ytterlegare negativt avvik på kr 9,3 mill og ligg no kr 21,4 mill høgare enn budsjett. Helse Fonna bruker framleis meir årsverk enn budsjettet, særleg innan variabel løn. Det er sett ein stopp på innleie og overtid for alt arbeid som ikkje kan grunnast i liv og helse. I tillegg er reiseverksemd, kurs og andre personalkostnader stoppa for resten av året. Alle aktivitetar knytt til pasientbehandling skal utførast som tidlegare, men alle andre aktivitetar er prioritert ned.

Andre driftskostnader viser eit akkumulert positivt avvik på kr 4,1 mill. Det er mindreforbruk på fleire av kostnadene mens det er eit meirforbruk på kr 2,7 mill som gjeld sjuketransport. Det er sett i verk innkjøpsstopp for resten av året. I det positive avviket på driftskostnader ligg det inne eit positivt avvik på kr 4,9 mill som skuldast ny kalkulering av avskrivingar. Det positive avviket skuldast endring i anleggsformuen, dekomponering av anlegg og seinare aktivering av enkeltprosjekt enn føresett i budsjettet.

Helse Fonna har ikkje nådd å leggja inn auka resultatkrav som følgje av revidert budsjett. Det er i denne rapporteringa gjort ein korreksjon på prognosen og budsjettet for året totalt som følgje av vedtak om auka resultatkrav som blei gjort av styret i Helse Vest den 6/9-05 2005. Dette har inga innverknad på budsjettavviket som Helse Fonna har rapportert då både prognose og budsjett blir korrigert tilsvarande. Helse Fonna rapporterer eit negativt budsjettavvik for året på kr 3,1 mill. Sett i høve til avviket pr. august er dette ein ambisiøs resultatprognose. For å nå dette målet er ein heilt avhengig av å lukkast med dei tiltaka som Helse Fonna har sett i verk innan lønsområdet og innkjøp.

2.3.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Rekneskap -05	Hittil		2004	Prognose	Heile året	
		Plan -05	Avvik			Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	16 639	16 712	-73	16 312	25 404	25 404	0
Dagkirurgi/dagbeh.	8 117	8 120	-3	6 926	12 534	12 534	0
DRG-poeng	18 062	18 818	-756	17 523	28 527	28 777	-250
Pol. konsultasjonar	57 086	58 396	-1 310	58 058	91 450	91 450	0
Psykatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	46 383	52 313	-5 930	54 140	69 900	78 568	-8 668
Opphaldsdagar, dagpasientar	4 268	4 885	-617	5 089	7 000	7 700	-700
Pol. konsultasjonar	23 559	22 587	972	21 423	34 700	34 700	0

Sjukehusopphald viser no eit negativt avvik på 0,4 % medan talet på DRG produksjon ligg 4 % lågare enn planen. Helse Fonna har ein lågare DRG indeks enn føresett i budsjett på 2 %. Dei tiltak som er sett i verk for å betre kodinga har ikkje gitt den forventa effekten. Helse Fonna antar at deler av inntektene ved Stord og Odda manglar og at dette har samanheng med konverteringa av pasientsystemet. Dette vil ein følgje opp fram mot fristen for DRG kodinga og Helse Fonna har i etterkant av rapporteringa meldt om at dette arbeidet har gitt positive resultat. Effekten av DRG kodinga vil bli lagt inn i rapporteringa pr september.

Innan psykiatri viser produksjonstala på inneliggjande pasientar eit negativt avvik på 11,3 %. Dette skuldast i all hovudsak omstrukturering innan vaksenpsykiatri og nedlegging av psykiatriske sentra. Dette

er i samsvar med den vedtekne opptrappingsplanen for psykiatri. Poliklinikkatala innan vaksenpsykiatri viser eit negativt avvik på 1%.

Talet på inneliggjande pasientar innan barne- og ungdomspsykiatri viser eit negativt avvik på 16,8% medan talet på polikliniske konsultasjonar har eit positivt avvik på 14,8 %. Helse Fonna har ei sterk prioritering av tiltak for å redusere ventelistene for tilvisingar til barne- og ungdomspsykiatrien.

2.4 Helse Bergen HF

2.4.1 Resultat

Samandragrapport pr.:

AUGUST 2005

REKNESKAPSDATA

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	279 864	8,5 %	275 526	8,4 %	259 353	8,5 %	424 081	424 081	0
ISF	1 010 227	30,5 %	1 033 936	31,5 %	596 994	19,6 %	1 599 129	1 584 129	15 000
Rammetilskot	1 858 279	56,2 %	1 854 869	56,5 %	2 040 532	67,0 %	2 780 247	2 780 247	0
Andre inntekter	160 246	4,8 %	120 080	3,7 %	150 011	4,9 %	179 938	179 938	0
Sum driftsinntekter	3 308 616	100,0 %	3 284 411	100,0 %	3 046 890	100 %	4 983 394	4 968 394	15 000
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	543 654	16,4 %	536 589	16,3 %	492 717	16,2 %	824 313	809 313	15 000
Løns- og personalkostnader	2 284 477	69,0 %	2 265 670	69,0 %	2 206 008	72,4 %	3 469 350	3 499 350	-30 000
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	542 773	16,4 %	529 346	16,1 %	531 077	17,4 %	764 040	734 040	30 000
Sum driftsutgifter	3 370 905	101,9 %	3 331 606	101,4 %	3 229 801	106,0 %	5 057 702	5 042 702	15 000
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-62 289	-1,9 %	-47 195	-1,4 %	-182 911	-6,0 %	-74 308	-74 308	0
Netto finans	-7 206		-6 001		367		-9 002	-9 002	0
Ekstraordinære poster	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-69 496		-53 196		-182 544	0	-83 310	-83 310	0
- Meiravskrivning	106 016		106 016		106 016		219 000	219 000	0
Resultat	-175 512	0	-159 212	0	-288 560	0	-302 310	-302 310	0

Helse Bergen har pr. august eit negativt resultatavvik på kr 16,3 mill. Inntektssida viser eit positivt avvik på kr 24,2 mill (0,7%) medan kostnadssida viser eit negativt avvik på kr 39,3 mill (1,2%). Helse Bergen har innarbeida justert resultatkrav som følgjer av revidert nasjonalbudsjett.

På inntektssida ligg det eit positivt avvik på polikliniske inntekter på kr 4,3 mill (1,5%) som skuldast ein høgare poliklinisk aktivitet. ISF inntektene viser eit negativt avvik på kr 23,7 mill som skuldast manglande oppnådd kodeforbetring. Positive avvik på dei andre inntekstpostane skuldast noko ulik periodisering i budsjett og rekneskap. I tillegg er det positive avvik på inntektssida som skuldast ikkje-budsjetterte aktivitetar som på den andre sida blir utlikna av tilsvarende kostnadsavvik.

Avvik på varekostnad skuldast noko høgare aktivitet enn budsjettert samt eit meirforbruk knytt til behandlingshjelpemiddel. Løns- og personalkostnader viser eit negativt avvik på kr 18,8 mill. Det er eit negativt avvik på bruk av overtid og ekstrahjelp på kr 32 mill. Dette må delvis bli sett i samanheng med eit positivt avvik fastlønn på kr 17,1 mill kor refusjon av sjukefråvær blir ført. Avviket på lønskostnad skuldast bruk av dyr arbeidskraft, særleg i sommarmånadene. Meirforbruket er spesielt stort i psykiatrisk divisjon.

Andre driftskostnader har for august månad eit positivt avvik på kr 4,8 mill medan talet akkumulert pr august viser eit negativt budsjettavvik på kr 13,4 mill. Dette skuldast i det alt vesentlege ikkje-fordelt innsparingskrav som er innarbeida i budsjettet.

2.4.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Rekneskap -05	Hittil Plan -05	Avvik	2004	Prognose	Heile året Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	67 566	66 355	1 211	63 489	103 705	101 745	1 960
Dagkirurgi/dagbeh.	25 694	24 297	1 397	21 905	39 380	37 301	2 079
DRG-poeng	53 878	54 498	-620	51 749	83 219	84 122	-903
Pol. konsultasjonar	50 864	38 608	12 256	38 608	278 962	270 380	8 582
Psykiatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	86 558	79 975	6 583	90 754	129 857	121 959	7 898
Opphaldsdagar, dagpasientar	7 748	7 777	-29	7 878	12 010	12 401	-391
Pol. konsultasjonar	45 039	51 102	-6 063	31 617	76 350	83 203	-6 853

Aktiviteten målt i sjukehusopphald ligg 1,8% over budsjett og 6,4% over i fjor. Det er og ein høgare aktivitet på dagbehandling medan dagkirurgi er lågare enn budsjett. Sjølv om aktiviteten ligg høgare enn budsjett er produksjon målt i DRG poeng lågare enn budsjett. Helse Bergen har ein lågare kodevekst enn det som låg til grunn i budsjettføresetnaden på 2%.

Talet på opphaldsdøgn innan psykiatri ligg pr. august 8,2 % over planen. Det er innan vaksenpsykiatri dette avviket ligg, medan tala for barne- og ungdomspsykiatri er lågare enn planen (12,6%). Døgnpostane ved fleire av dei vaksenpsykiatriske avdelingane har gjennom mange år hatt stort overbelegg. I 2005 er det budsjettert med 100 % belegg. Dette medfører at aktivitetstala store deler av året vil ligge over plantala. Den lågare aktiviteten innan barne- og ungdomspsykiatri skuldast at ein av postane har hatt så ressurskrevjande pasientar at den berre har hatt 4 av dei 6 plassane i bruk i delar av første halvår, og at familieposten har hatt redusert belegg.

Talet på polikliniske konsultasjonar innan psykiatri ligg ved utgangen av august 11,9 % lågare enn planen. I dette er det ein svikt i talet på konsultasjonar med 18,6 % innan vaksenpsykiatri og 3,5% innan barne- og ungdomspsykiatri. Noko av avviket skuldast vakansar, men hovudårsaka er at ein særleg innan vaksenpsykiatrien ikkje har klart få til ein så sterk produktivitsvekst som ein la opp til i budsjettet.

2.5 Helse Førde HF

2.5.1 Resultat

Samandragsrapport pr.:

AUGUST 2005

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	58 812	6,6 %	60 229	6,7 %	53 567	7,2 %	90 627	90 627	0
ISF	261 831	29,3 %	271 679	30,1 %	143 275	19,2 %	408 946	421 692	-12 746
Rammetilskot	537 395	60,1 %	534 862	59,2 %	522 852	70,0 %	804 390	802 230	2 160
Andre inntekter	36 390	4,1 %	36 609	4,1 %	27 252	3,6 %	57 847	54 907	2 940
Sum driftsinntekter	894 428	100,0 %	903 380	100,0 %	746 946	100,0 %	1 361 810	1 369 456	-7 646
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Regnskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	124 904	14,0 %	120 545	13,3 %	147 831	19,8 %	183 082	183 081	1
Løns- og personalkostnader	611 088	68,3 %	587 654	65,1 %	491 941	65,9 %	949 174	936 174	13 000
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	171 846	19,2 %	168 157	18,6 %	118 469	15,9 %	262 994	261 341	1 653
Sum driftsutgifter	907 838	101,5 %	876 356	97,0 %	758 242	101,5 %	1 395 250	1 380 597	14 653
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-13 410	-1,5 %	27 024	3,0 %	-11 295	-1,5 %	-33 440	-11 141	-22 299
Netto finans	-1 360		-1 667		-718		-2 100	-2 500	400
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-14 771		25 357		-12 014	0	-35 540	-13 641	-21 899
- Meiravskrivning	45 333		45 333		45 333		68 000	68 000	0
Resultat	-60 104	0	-19 976	0	-57 347	0	-103 540	-81 641	-21 899

Helse Førde har ikkje nådd å innarbeide revidert nasjonalbudsjett i rapporteringa pr. august. For å få eit rett bilde av resultatet for året, er det i denne rapporteringa gjort ei justering av årsresultatet for prognose og budsjett tilsvarende justert resultatkrav. Dette påverkar ikkje budsjettavviket som Helse Førde har rapportert for året.

Helse Førde har pr. august eit negativt resultatavvik mot budsjett på kr 40,1 mill. Driftsinntektene viser eit negativt avvik på kr 8,9 mill (1%) medan driftskostnadene viser eit negativt avvik på kr 31,5 mill (3,6%). På inntektssida er det ISF som er hovudårsaka til det negative avviket med kr 9,8 mill. I august var det 86 færre DRG-poeng enn føresett i budsjett, og samla ligg ein no 497 DRG poeng lågare enn budsjett. Under andre inntekter er det registrert meirinntekter på gjestepasientar psykiatri med kr 3,4 mill, men samstundes er det bortfall av inntekter frå legevaktordninga ved Nordfjord samt mindre sal av blodprodukt.

Varekostnadene viser eit negativt avvik på kr 4,4 mill. I dette avviket ligg det inne eit overforbruk på innleie av medisinsk personell på kr 8,5 mill. Dette avviket blir i nokon grad veid opp av mindreforbruk ved kjøp av private helsetenester med kr 4,2 mill. På lønsområdet er det eit overforbruk på kr 23,4 mill. Her ligg hovudutfordringa på bruk av overtid og ekstrahjelp. Helse Førde har analysert dette nærare og for dei store klinikkane er det ein reduksjon i variable løn samanlikna med same periode i fjor. Overforbruket skuldast i stor grad at ein ikkje har klart å realisere innsparingsmåla. Samstundes registrerer ein at 4 månaders drift av ambulanseteneste gir høgare kostnader. Under andre driftskostnader er det eit meirforbruk knytt til sjuketransport på kr 6,7 mill. Samstundes er det eit positivt avvik på avskrivingar med kr 3 mill som gir eit samla negativt avvik på kr 3,7 mill pr. august.

Årsprognosen på resultat viser no eit negativt avvik mot budsjett på kr 21,9 mill. Prognosen på ISF inntekt er justert ned og viser eit negativt avvik på kr 12,7 mill. Det er innan ortopediområdet at det negative avviket ligg. I inntektene ligg det inne kr 2,1 mill til drifta av Nærskjulehuset i Florø. Tilskotet var ikkje budsjettert. Gjestepasientar psykisk helsevern viser ei meirinntekt på kr 5,5 mill, medan andre driftsinntekter er redusert med kr 2,5 mill som følgje av lågare sal av blodprodukt og refusjon i forbindelse med samarbeid om legevakt i Nordfjord. Avviket på lønskostnadane er auka slik at dei no viser eit negativt avvik på kr 13 mill. Årsaka til dette er forsinking av tiltak samt tiltak som ikkje let seg gjennomføre i 2005. I tillegg viser drifta av ambulansetenesta at lønskostnadane no er større enn da tenesta blei kjøpt eksternt. I prognosen ligg det inne eit negativt avvik på sjuketransport på kr 6,5 mill medan avskrivingar er forventa å bli kr 4,6 mill lågare enn budsjett. Sistnemnte skuldast at då budsjettet for 2005 vart fastlagt var ikkje endeleg rekneskap 2004 ferdig samt at endeleg avrekning i samband med IKT verksemda først er avklart no i den seinare tid.

2.5.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Rekneskap -05	Hittil Plan -05	Avvik	2004	Prognose	Heile året Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	13 079	13 426	-347	13 426	20 286	20 286	0
Dagkirurgi/dagbeh.	5 047	4 401	646	4 401	7 700	7 028	672
DRG-poeng	14 089	14 586	-497	13 901	21 850	22 500	-650
Pol. konsultasjonar	63 878	62 088	1 790	21 383	96 829	94 829	2 000
Psykiatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	22 483	20 113	2 370	21 186	31 660	30 460	1 200
Opphaldsdagar, dagpasientar	539	730	-191	731	622	1 080	-458
Pol. konsultasjonar	21 160	19 450	1 710	18 673	27 850	24 400	3 450

I august måned hadde Helse Førde ein produksjon som var 86 DRG poeng lågare enn plan og ligg no 497 DRG poeng bak målet (3,4%). Meir enn heile avviket kan først tilbake til lågare produksjon innan ortopedifaget, der ein etter 8 månader ligg 753 DRG poeng lågare enn planen. Poliklinisk aktivitet ligg

1790 konsultasjonar høgare enn planen på same måte som ein framleis har ein aukande tal på dagbehandling. Psykisk helsevern har god produksjon, og ligg 11,7 % høgare enn målet på opphaldsdøgn/døgnbehandling.

2.6 Apoteka Vest HF

Samandragrapport pr.: **AUGUST 2005**

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	303 612	100 %	283 265	100 %	274 223		456 677	437 677	19 000
Varekostnader	244 386	80,5 %	223 055	78,7 %	218 783	79,8 %	366 646	344 646	22 000
Løns- og personalkostnader	44 908	14,8 %	46 099	16,3 %	41 456	15,1 %	72 438	72 438	0
Andre driftskostnader	13 336	4,4 %	13 890	4,9 %	10 765	3,9 %	20 843	20 843	0
Sum driftsutgifter	302 630	99,7 %	283 044	99,9 %	271 004	98,8 %	459 927	437 927	22 000
Driftsresultat	982		221		3 219		-3 250	-250	-3 000
Netto finans	275		167		265		250	250	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat	1 257		388		3 484		-3 000	0	-3 000

Apoteka har pr august eit positivt resultatavvik på kr 0,9 mill. Inntektene er kr 20,3 mill (7,2%) høgare enn budsjett medan kostnadene er kr 19,6 mill (6,9%) høgare enn budsjett. På kostnadssida er det varekostnadene som utgjør avviket. Avviket på varekostnadene heng saman med at Apoteka har innført ny prisingsmodell frå nyåret. Lønskostnadene viser pr august eit positivt avvik på kr 1,2 mill

Apoteka har no justert sin prognose på resultat for året frå minus 6 mill til kr 3 mill. Dette bygger på ei oppjustert ekstrapolering av utviklinga i varekostnaden pr. august.

2.7 Kjøp av helsetenester

Samandragrapport pr.: **AUGUST 2005**

REKNEKAPSDATA

	Hittil i år						Heile året		Avvik
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Prognose		Budsjett		
Poliklinikk (RTV og eigenbetaling)	446 130	5,5 %	0	0,0 %	0		0		0
ISF	2 693 397	32,9 %	2 630 487	34,2 %	4 125 309		4 125 309		0
Rammetilskot	5 035 780	61,6 %	5 048 613	65,7 %	7 575 858		7 575 858		0
Andre inntekter	224	0,0 %	2 408	0,0 %	3 613		3 613		0
Sum driftsinntekter	8 175 531	100,0 %	7 681 508	100,0 %	11 704 780		11 704 780		0
Varekostnader	7 954 655	97,3 %	7 449 128	97,0 %	11 356 163		11 356 163		0
Løns- og personalkostnader	278	0,0 %	393	0,0 %	1 318		1 318		0
Andre driftskostnader	178 296	2,2 %	176 615	2,3 %	264 843		264 843		0
Sum driftsutgifter	8 133 229	99,5 %	7 626 136	99,3 %	11 622 324		11 622 324		0
Driftsresultat	42 302		55 372		82 456		82 456		0
Netto finans	0		0		0		0		0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0		0
Resultat	42 302		55 372		82 456		82 456		0

Resultatet for kjøp av helsetenester pr. august viser eit negativt avvik på kr 13 mill. I dette avviket ligg det inne både positive og negative avvik på ulike kostnadspostar. Hovudårsaka til avviket er knytt til auka kostnader til kjøp av gjesteplassar innan rusbehandling og auka utanlandsbehandling. Helse Vest har budsjettert med ein reserve på kr 126 mill for året, og det er pr. august gjort ei avsetning på kr 84 mill. Reserven vil kunne nyttast som buffer i forhold til kostnadsavvik i RHF'et samt manglande måloppnåing i HF'a.

2.8 Helse Vest administrasjon

Samandragsrapport pr.: AUGUST 2005


REGNSKAPSDATA


	Hittil i år			Heile året		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	11	0	11	0	0	0
Varekostnader	2 899	0	2 899	0	0	0
Løns- og personalkostnader	14 280	16 631	-2 351	26 037	26 037	0
Andre driftskostnader	15 522	25 935	-10 413	39 079	39 079	0
Sum driftsutgifter	32 701	42 566	-9 865	65 116	65 116	0
Driftsresultat	-32 690	-42 566	9 876	-65 116	-65 116	0
Netto finans	3 051	0	3 051	0	0	0
Ekstraordinære postar	0	0	0	0	0	0
Resultat	-29 639	-42 566	12 927	-65 116	-65 116	0

Helse Vest administrasjon har eit positivt avvik pr. august på kr 12,9 mill. Hovudårsaka til dette ligg i at kjøp av konsulenttenester er periodisert jevnt gjennom året, medan fleire av prosjekta som er tenkt gjennomført i 2005 ikkje har kome i gang enno. Såleis vil det positive avviket kunne bli redusert dei siste månadene, og Helse Vest opprettheld derfor ein prognose lik budsjett.

3 LIKVIDITET

Helse Vest har ved utgangen av august eit overtrekk på konsernkonto på kr 799 mill. I likviditetsbudsjettet er det føresett at reguleringspremiar til KLP skal betalast i september. Forfall på desse rekningane er sett til medio/ultimo oktober. Dette er årsaka til at ein i september har hatt ein betre likviditet enn føresett i budsjett. I følgje likviditetsprognosen vil overtrekket ved slutten av året være kr 1,065 mrd. Helse Vest har fått godkjenning av Helse- og omsorgsdepartementet til å utvida driftskredittramma til kr 1,3 mrd. Det er no søkt SR-bank om å få utvida driftskredittramma på konsernkonto.





Helse Vest legg no til grunn at det er tilstrekkeleg med likvide midlar tilgjengeleg på konsernkonto til over nyåret. Likviditetssituasjonen vil bli gjennomgått på ny i samband med budsjettet for 2006.

4 BALANSE OG KONTANTSTRAUMANALYSE

Tabellen under viser resultat og balanse pr. 31/8-05 for kvart av føretaka. Balansen er konsolidert men det er grunn til å påpeike at det kan være uvisse knytt til presisjonen i konsolideringa, m.a. tala for Helse Vest IKT basert på opningsbalansen 2005 og tar ikkje opp i seg endingar i 2005. IKT eininga forventar å ha balansen klar til komande rapportering. Elimineringa er ikkje komplett, men den tar opp i seg dei vesentlege transaksjonane.

Resultatregnskap pr. 31/8-2005

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apotekene	Helse Vest	Eliminering	Total
Sum driftsinntekter	1 927 515	1 049 244	3 308 616	894 428	303 612	8 175 541	-6 662 669	8 996 287
Varekostnad	232 136	110 017	543 654	124 904	244 386	7 957 554	-6 662 669	2 549 982
Lønn- og andre personalkostnader	1 335 882	767 748	2 284 477	611 088	42 989	14 560		5 056 744
Av- og nedskrivninger	129 671	97 714	281 596	78 386	1 008	297		588 672
Annen driftskostnad	257 729	136 553	367 195	138 794	14 247	193 519		1 108 037
Sum driftskostnader	1 955 418	1 112 032	3 476 922	953 172	302 630	8 165 930	-6 662 669	9 303 435
Driftsresultat	-27 903	-62 788	-168 306	-58 744	982	9 611	0	-307 148
Netto finansposter	-2 587	-570	-7 206	-1 360	275	3 052		-8 396
Resultat	-30 490	-63 358	-175 512	-60 104	1 257	12 663	0	-315 544
Meiravskrivingar	49 300	49 300	106 000	45 300				249 900
Resultat justert for meiravskrivingar	18 810	-14 058	-69 512	-14 804	1 257	12 663	0	-65 644

Balanse pr. 31/08-2005

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	Helse Vest	Helse Vest IKT *)	Vestlands- mat AS	Eliminering	Total
Immatrielle eigedelar	1 601	4 158	329	1 950		810		193		9 041
Varige driftsmiddel	2 458 342	1 965 415	5 504 647	1 582 389	9 971	1 549	161 904	152		11 684 369
Finansielle anleggsmiddel	117 855	43 427	154 509	42 634	49	10 341 945			-10 285 194	415 225
Sum anleggsmiddel	2 577 798	2 013 000	5 659 485	1 626 973	10 020	10 344 304	161 904	345	-10 285 194	12 108 635
Varer	19 914	25 876	14 907	11 161	23 303					95 161
Fordringar	129 016	37 648	140 939	39 090	46 193	96 960		860	-49 052	441 654
Bankinnskott, kontantar og liknande	-74 855	20 719	-364 928	-52 912	7 482	72 600		7 245		-384 649
Sum omløpsmiddel	74 075	84 243	-209 082	-2 661	76 978	169 560	0	8 105	-49 052	152 166
Sum eigedelar	2 651 873	2 097 243	5 450 403	1 624 312	86 998	10 513 864	161 904	8 450	-10 334 246	12 260 801
Eigenkapital	2 019 434	1 716 206	4 369 492	1 348 598	18 850	9 270 334	150 819	7 893	-9 613 712	9 287 914
Opptent eigenkapital (resultat for året)	-30 490	-63 358	-175 512	-60 104	1 257	12 663				-315 544
Langsiktig gjeld	181 206	136 192	213 010	91 378	8 324	590 008	11 085		-484 045	747 158
Kortsiktig gjeld	481 723	308 203	1 043 413	244 440	58 567	640 859		557	-236 489	2 541 273
Sum eigenkapital og gjeld	2 651 873	2 097 243	5 450 403	1 624 312	86 998	10 513 864	161 904	8 450	-10 334 246	12 260 801

Med basis i balanse pr. 31/12-04 og balanse pr. 31/8-05 er det i tabellen under vist ein kontantstraumanalyse.

Kontantstraumanalyse


	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	Helse Vest	Helse Vest IKT *)	Vestlands- mat AS	Total
Resultat for året	-30 490	-63 358	-175 512	-60 104	1 257	12 663	0		-315 544
Ordinære avskrivningar	129 671	97 714	281 596	78 386	1 008	297	0		588 672
Endring i arbeidskapital	-30 631	-13 581	147 600	-15 248	-5 896	78 690	0		160 934
Netto kontantstrøm frå operasjonell aktivitet	68 550	20 775	253 684	3 034	-3 631	91 650	0	0	434 062
Netto kontantstrøm finansielle anleggsmiddel	-3 101	-8 065	-27 475	0	-9	-20 185	0		-58 835
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitet	-20 342	-51 731	-122 933	-54 799	-2 584	6 694	-161 904		-407 599
Tingsinnskot Helse Vest IKT	-51 054	-16 322	-66 951	-9 586			150 819		6 906
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitet	-35 989	7 290	-200 473	-29 364	408	-9 699	11 085		-256 742
Netto endring i kontantar og kontantekvivalente	-41 936	-48 053	-164 148	-90 715	-5 816	68 460	0	0	-282 208
Kontantar og bankinnskot 01.01.2005	-32 919	68 771	-200 780	37 797	13 298	4 140	0	7 245	-102 448
Kontantar og bankinnskot 31.08.2005	-74 855	20 718	-364 928	-52 918	7 482	72 600	0	7 245	-384 656

Forskjellen mellom kontantar og bankinnskot i kontantstraumanalysen og rapportert likviditetsbeholdning under kap 4 skuldast bundne midlar på skattetrekkkonto bundne fondsmidlar. Dette er ikkje ein del av den disponibel likviditet og er derfor ikkje tatt med under likviditetsstatistikken under kap 4.

5 UTVIKLING I MÅNADSVERK OG SJUKEFRÅVÆR

5.1 Sjukefråvær

Grafen under viser utviklinga i sjukefråværet





Det har frå og med 2004 blitt arbeida målretta med å redusere sjukefråværet i føretaka. Ser ein på utviklinga gjennom 2004 og fram til august 2005 viser denne i det alt vesentlege ein reduksjon i sjukefråværet. Det er periodiske svingingar i Helse Fonna og Helse Førde som dei siste månadene har vore noko høgare på sjukefråværet enn dei andre HF'a. Om ein eliminerar dei største svingingane, og då spesielt i Helse Førde, viser utviklinga over tid ein nedgang. For å oppretthalde den positive utviklinga vil det være nødvendig å forsett jobbe systematisk med sjukefråværet.

Sjukefråværet i Helse Førde varierer relativt mykje i dei enkelte periodane. Helse Førde forklarar dette med at fråværet blir registrert når sjukemeldingsblankettane når personalkontoret og at ein ikkje har ein fastsett dato for når ein månad skal vere ferdig registrert. Dette medfører relativt store svingingar frå den eine månaden til den andre.

5.2 Månadsverk

Utviklinga i månadsverk ved Helse Bergen viser eit relativt stabilt tal med ein liten nedgang frå byrjinga av året og fram til juli. Helse Stavanger har dei siste månadene ein nedgang i talet på månadsverk men ligg samtidig 136 månadsverk høgare enn august i fjor.



Helse Fonna har over dei siste månadene vist ei auke i månadsverk men i august har talet på månadsverk gått ned. Om ein ser utviklinga frå januar 2004 er det ein samla reduksjon i talet på månadsverk på 115 ved utgangen av august. Ein ser den same trenden på månadsverk i august i fjor, og det er derfor usikkert om dette er eit reelt nivå for dei komande månadane. Helse Førde har òg ein auke i månadsverk gjennom sommaren og ei ytterlegare auke i august. Dette er bekymringsfullt og særleg sett i forhold til dei utfordringane HF'et står overfor i høve til realisering av tiltak. Veksten i månadsverk frå april til mai skuldast at dei har overtatt ansvaret for drift av ambulansetenesta. Dette utgjør ein permanent vekst i månadsverk på 125.

Datakvaliteten innan personaldata er framleis ikkje tilfredsstillande. Tala er usikre, og dette skuldast mellom anna at det er ulik registreringspraksis i dei enkelte helseføretaka. I samband med implementering av nytt datavarehus vil det være heilt nødvendig å gå igjennom og kvalitetssikre at helseføretaka har ein lik praksis knytt til registrering av data samt sikre at dei nyttar like definisjonar på det som skal rapporterast.

Forslag til vedtak

1. Styret tek økonomirapport pr. 31.8.2005 til etterretning.